



SOLUND KOMMUNE

Lønsslipp i Visma

Tilsette i Solund kommune har ei eiga «nettside» med tilgang til opplysingar om person- og løn som er registrert i lønssystemet. Via denne sida finn du óg lønsslippar, forhandlingsbrev m.m.


Logg på Visma:

Gå til kommunen si heimeside, www.solund.kommune.no, vel «**For tilsette**» under «**Kommune og politikk**»:



Eller du kan klikke på/kopiere denne linken: <https://vismasolund.sysikt.no/enterprise>

Du får opp innloggingsida til Visma og «bestiller» brukarnamn og passord. Det er óg dette biletet du brukar for å logge på når du har brukarnamn og passord



Klikk på «Glemt brukernavn/passord?»

Du får oppatt same biletet, men «Logg på» er bytta ut med «Send». Legg inn e-postadressa di og klikk «send». Alle som har kommunal e-postadresse er registrert med denne, for dei som ikkje har kommunal adresse og har oppgitt privat e-post, vert denne inngangsporten til nettsida.

Følg instruksjonane i e-postane og på skjermen.


TIPS! Får du feilmelding har du kanskje brukt feil e-postadresse – ta kontakt med løn/personal viss du er i tvil om kva adresse vi har registrert på deg




SOLUND KOMMUNE

Lønsslipp i Visma


Etter pålogging kjem du til «heimesida» di. Klikk på **Meg selv** og deretter **Dokumenter**:




Du får då opp fylgjande bilete:



Forhandlingsbrev er sett som default verdi, du finn lønsslippene ved å klikke på rullegardina her og velje Lønsslipper:



Du opnar lønsslippen ved å klikke last ned  ytterst til høgre på linja